



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		

Fjellro Hudpleie - Søknad om tilskot til vidareutvikling av bedrifta

Vedlegg

- 1 Fjellro budsjett pr mnd
- 2 Fjellro 4 termin 25
- 3 Skåringsskjema for Fjellro hudpleie sak 2025-746

Dokument i saka

Bakgrunn

Fjellro hudpleie, starta opp hausten 2024 og har blive eit populært tilbod i Rauland. Men det kjem og kundar frå store delar av Vest Telemark, i tillegg til at hyttebuarane har synt stor interesse for tiltaket. Dagleg leiar Monica Kristiansen, ynskjer å utvikle verksemda ved å oppgradere, fornye og effektivisere drifta som følgje av den erfaringa ho har gjort etter den tida ho no har drive verksemda. Som ho nemner i søknaden har ho freista å søke om tilskot på liknande grunnlag tidlegare, Sak 2025/746, men fekk då avslag. Verksemda fekk kr 61 500,- i oppstartstøtte i sak 2024/1016. Som hjå stort sett alle andre nystarta verksemdar er det også her, lite pengar att etter ein har dekt drift og dei naudsynte investeringane, særleg i starten. Dermed søker ho igjen om støtte.

Vurdering

Som tidlegare nemnt er det særskilt bra og til dels avgjerande for eit samfunn og næringsliv at nokon tor satse på å skape sin eigen og kanskje soleis laga arbeidsplassar for andre. I tillegg er det med på å skape breidde i tilbodet av tenester, service og handel. Verksemda har vore i drift i om lag 16 månadar, og ser difor meir og meir kva ein burde fått på plass av det som krevst for å drive effektivt og utvikle verksemda vidare. Verksemda har fengje eit fotfeste, med kundar frå både nær og fjernt. Det er eit utradisjonelt tilbod, og etter det ein høyrer er eit tilbod som er ynskt velkomen av mange. Dette talar for at ein skal sjå på dette på nytt.

Søknaden syner eit behov for vidareutvikling. I så måte behov for utstyr og apparat som gjer arbeidsdagen enklare, lettare og meir rett i høve til arbeidsmiljø og anna. Ei opprømsing av

dette utstyret syner eit samla investeringsbehov på kr 147 913,-. I fyrste søknad var det sett opp at Multi Hudpleieapparat til om lag 16 400,-, men det har kome ny teknologi og utvikling av denne til kr 66 875,-, som vert sagt er svært mykje betre. Dette vart tilsendt i ettertid.

Utstyr:	
Massasjestol	6900
Stativ til lampe	2999
Massasjebenk	37900
Arbeidsstol	9600
Lupelampe	2949
Ultralyd Vasker	8900
Multi hudpleieapparat	66875
Trillebord	3700
Frimator børste	2490
Vakum/spray	5600
	147913

Det er sjølvsagt ynskt å få mest mogleg av dette finansiert via støtte frå kommunen, men i retningslinene for støtte til enkeltprosjekt m.m., står det at ein kan stø med opp til 30% av totalkostnaden, dersom tiltakshavar er yngre enn 41 år kan ein få opp til 50%. Søkjar er over 41 år. Det maksimale beløpet kan soleis bli kr 44 373,- for denne søknaden.

I samtale med søkjar vert det sagt at finansiering ut over ev tilskot er vanskeleg, slik tala er i dag.

I sak 2025/746, vart det laga eit skåringsskjema der ein så vidt kjem over grensa for handsaming, noko som speglar at dette er i grenseland. Kommunedirektøren rådde likevel til den gong å imøtekoma søknaden, men vart avslegen politisk. Denne saka er veldig lik den førre, bortsett frå at verksemda har no vore i gang lengre, og soleis syner at drifta går i pluss og at budsjettet syner det sama. Men det syner og at det er ikkje rom for dei store investeringane pr i dag.

Det står att kr 365 000,- av den avsette millionen til støtte til enkeltprosjekt, og eit eventuelt tilskot på kr 44 000 kan dekkast innanfor denne. Kommunedirektøren viser til førre handsaming og vil tilrå å avslå søknaden.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune avslår søknaden frå Fjellro hudpleie.